

BARNDOMSMINNE

MORSDAGSFEST OG EIKJEMOBETE

av Bodil Hovland f. Myster 1923

Det er rart med desse minna som dukkar så klart opp no og då gjennom heile livet. Det treng ikkje vera noko betydningsfullt eller voldsomt, men noko gjer at det vert hugsa. I sommar sat me nokre Eidslendingar i saman og mimra om gamle dagar. Nokon nemnde "Eikjemobeten", - kva det var og korleis det skulle tydast.

Det kom eit klart minne fram for meg, like blankt som mange gonger før. Eg var 5 – 6 år, og var vel som ungar flest forveten og hørde vel etter når dei vaksne snakka om noko som ikkje var vanleg. Jau, det var tillyst Morsdagsfest i ungdomshuset komande sundag, og alle var velkomne – med kake. Eg kan tenkja meg at det var første gongen det hende slikt. Men Eidsfjord Møbelfabrikk var vel då i full drift. Her var i alle fall mykje ungdom og store familiar, huslydar, i dei fleste mange hus på den tida. Ungdomslag og songkor var her og. Endåtil musikkorps både med tromme og bas. Så snakk ikkje om at det ikkje var krefter i den vesle bygda.

Det var nok ungdomslaget som stelte i stand denne festen. Eg var heldig og fekk vera med mor denne dagen. Ho hadde laga bløtkakebotn, men så fekk ho ikkje tak i fløyte, og måtte laga smørkrem i staden for. Noko eg likte betre.

I ungdomshuset var det fullt med folk og borda var dekkja. Eg hugsar godt kvar eg sat og, - på sida mot brua med ryggen mot glaset og fin utsikt mot salen. Hadde eg no berre vore litt høgare. Det var sikkert nokon som ønskte velkomen, men det hugsar eg ikkje. Songkoret stilte opp og song "Den fyrste som eg høyra fekk", og eg såg det rann tårer frå augene til ei jente som stod attmed der eg sat, noko som eg syntest var veldig rart. Ho hadde då ikkje sleie seg ein gong. Så åt me, og kan aldri tru at eg vanda kakene. Lutefisk hadde dei fyrst, med poteter, smør og flatbrød, sikkert

heimabakt. Og her er det Eikjemobeten kjem inn. Med ryggen til meg ved langbordet framfor sat det nokre ungdommar som hadde det kjekt under bordseta. Eg hørde alt dei sa, og let ikkje noko gå forbi. Så kom det brått frå den eine: ” En tenkjer at me lagar oss ein Eikjemobete”. Han smurde smør på flatbrød, delte poteter og la oppå, og fisk oppå der att. Tilslutt flatbrød. Det var fyrste gongen eg hørde namnet Eikjemobete. Kanskje her er andre ”betar” og som vert brukt på ein annan måte?

Då festen var slutt var det ei kone frå Myster som reiste seg og med velvalde ord takka ungdommane som hadde stelt dette i stand. Eg ser ho for meg. Ho imponerte meg voldsomt. Tenk at ho torde –eit kvinnfolk!

Det er rart at slike enkle ting kan setja merke i eit barnesinn såpass at ein tidvis ser det for seg og hugsar det i eit langt liv.



Ungdomshuset Bruvoll.

Utlånt av Oddvar Eikefet.